

Kvinnherad kommune
avd. Pleie- og omsorg.

I

Kvinnherad kommune	
22 SEPT. 2023	
Saksnr.: 23/3018	+ 23/36 U.off.:
Saksbeh.: Aslang	Kopi:

Kommunevalg – Lovnader- Organisering.

Me er heldige i Norge som kan gå til valgurnene og gje vår stemme til dei me meiner er best skikka til å styra i den kommunen me bur i, og som vil ivareta det me meiner er viktig og betyr mykje for oss. Men om dei politiske partia og deira kandidatar lovar – kven er det eigentleg som har ansvar for å ivareta og utføra dei politiske lovnadane?

Det bles endå eingong ein "sentraliseringsvind" i Kvinnherad kommune. Den forrige" sentraliseringsvinden "gjaldt skulestruktur og barnehagar. I den vinden gav politikarar og innbyggjarar sterke uttrykk for meiningane sine.

No er "Sentraliseringsvinden" kome til Pleie –og Omsorgsfeltet. Det området skal sentraliserast og styrast frå ein stad: Husnes. – Er det politikarane sin ide? Eller er det dei sjefane/leidarane som har teke mål av seg til å styra og administrera dette store og omfattande feltet, sin ide?

Kvinnherad kommune er ein langstrakt kommune med svært varierende vegstandard og tilkomst til dei hjelpetrengande.

Kven er det som –ser – veit – og kan – korleis arbeidet i dette feltet er – og kor lang tid det tek å nå fram til den einskilde? Er ikkje det dei som utfører dette arbeidet dagleg? Det seier seg sjølv at når alle desse helsearbeidarane i utetenesta som no har stasjon på Halsnøy, skal møta opp på Husnes før dagen startar – motta rapport og arbeidsoppgåver - køyra omkring i det meste av Kvinnherad - endå eingong gjennom tunnell – på dårlege vegar – ofte nå ei ferge – og etter arbeidstidas slutt attende til Husnes – seier det seg sjølv at mykje av arbeidstida går med til transport-.

For ei tid sidan las me eit tankevekkjande lesarinnlegg i avisa KVNH." Det er så lett å flytta når det ikkje er eins egne".

Ein annan som måtte ha hjelp sa: "Det verste er å sitja å venta".

Er personalet som arbeider i dette feltet og deira tillitsvalgte teke med på råd og fått uttala seg om denne organiseringa? Kvifor har me ikkje sett noko uttalar frå politikarane om dette? Er det fordi dei som vil omorganisera og styra pleie – og omsorgsfeltet, velgjer å kalla det –"Prosjekt?" –

II

Eg har eit forslag som eg svært gjerne ynskjer vart lovpålagd: Når leidarar i pleie – og omsorgsfeltet – og også i andre kommunale felt – har sete i stolen bak skrivebordet i 2-3 år, skal dei tvingast ut i praktisk arbeid i min. 1 år. Då kjem kanskje forståinga av kva d ei har teke mål av seg til å leida.

I avisa KVNH. 12.09.23, er det ein artikkel der 4 damer mellom 85 – 97 år uttalar seg om middagen dei får ved Halsnøytunet. Ikkje alt gav dei god matlyst.

Kvifor skal middagskokinga også vera sentralisert? Kvifor skal den fraktast i fleire kilometer i plast og bakkar? Dette vart vel politisk vedteke? Var det avdi dei meinte å kunna spara pengar på denne ordninga? Ei ordning som eigentleg også er latterleg – det medfører meir avfall – køyring – og tek helsepersonale frå oppgåver som burde vore utført hjå – og med – dei som bur på sjukeheim

Ei anbefaling til nye politikarar: Ikkje mål verdien av dei eldre i kroner og øre.

Gjenninnfør middagskokinga på kvar sjukeheim/tun.

Spør – og snakk med personalet og bebuarane - då får de svar og informasjon om korleis det skal gjerast. Då møter de ekspertane.

Ch. V. H.
Ejendoms Kassen,
Klossmyren 334,
5455 Halsnøy Kassen.